

Referat
Styremøte i Myrkdalen Samstyre
-landskapsparken- 7. mai 2008.

Desse møtte: Kjetil Skjervheim, Asbjørn Tveite, Knut Gjerde, Per Backer, Torill Årnot, Terje Kvalfoss, Jorunn Hirth, Anne Marit Skjervheim, Gudmund Furu

Sak 1: Referat frå Stimerkingskurs i Herand, og opplegg for rydding og merking hjå oss: Gudmund var på kurset og fekk nyttige opplysningar om merking og produksjon av skilt. Plan for merking, kryssing av gjerde, og rydding vart lagt fram. Område som vert rydda i denne omgangen: Leinevegen, Tveite – Hiurdi, Skjervheimstølen – Tveitestølen, Bygdastølen – Svølset. Elles merking til Bygdadalen, og Årnot – Reppane – Stalheim – Oppheim. Alle berørte grunneigarar må gje løyve. Grunneigarar kan søkja om SMIL-midlar. Gudmund snakkar med Bjørn Hystad om korleis ein skal gå fram. Voss Fjellandsby vil stilla med ein person til hjelp med rydding/merking. Me vil og organisera dugnad. Me vonar at folk i lokalmiljøet kan ta på seg produksjonen av skilta våre.

Sak 2: Møte med vegvesenet 14/5: Om skilting. Me vil ha skilt "MYRKDALEN" i begge endar av bygda. Dessutan skilt for avkøyring til Fjellandsbyen og skilt v/avkøyring til næringsdrivande. Prosedyre vedk. infotavle. Gudmund og Jorunn dreg på møtet.

Sak 3: Brosjyren for Myrkdalen: Logolink arbeider med brosjyren, ei skisse vart presentert på møtet. Fleire av våre annonsørar er seine med å laga til sine lysingar. Arbeidet frå Logolink vart godt motteke, frist for ferdig brosjyre er 1. juni. Gudmund følgjer opp arbeidet.

Sak 4: Myrkdalsdagen 12. juli: Aktulle medspelarar vart lista opp. Desse vert kalla inn til planleggingsmøte i Ungdomshuset måndag 19. mai kl 20.

Sak 5: Myrkdalsmarsjen vil verta arrangert søndag 7. september. (vonar det ikkje vert noko meir tull med datoen for tilskipinga)

Sak 6: Ymse: A) Myrkdalssida er no omsett til nederlandsk.

B) Brev til Voss Fjellandsby om tiltak for å få folk til å flytta hit vart referert. Brevet vert sendt umiddelbart.

Møtet slutt kl 21.40

Ref: Gudmund